

## K2 testar julesnacks

**12** No som jula nærmar seg med stormskritt har vi i ØyNytt sett saman eit ekspertpanel som skal teste julesnacks for oss.



**8** Heidra krigshelten Jakob Strandheim

**4** Er evangelisten Lukas og juleevangeliet truverdig?

**6** Blomvåg kyrkje 90 år - glimt frå arkivet

**7** Julekryssord

**10** 3 på ungdomsskulen om jul

**11** Velkommen til borggården i Blomvåg kyrkje



**vipps**

### Nye vippsnummer for offer i kyrkjene

Vipps er ein effektiv måte å gi ved kollekt og når du t.d. skal betale for ein leir på Skjergardsheimen.

Dette er våre vippsnummer

**Hjelme kyrkje offer: #690303**

**Blomvåg kyrkje offer: #690305**

**Leiropphald på Skjergardsheimen: #75635**

Vippsnummera som er knytt til kyrkjene kan du bruke når du skal gi kollekt i ei gudsteneste eller om du sit heime og vil gi. Enten du skal gi ein kollekt eller betale for eit leiropphald er det viktig at du skriv i referansefeltet dato og kva det gjeld.

## Leiar

**Annlaug Børve**  
Ansvarleg redaktør



**Gjør som Gud – bli menneske** stod det ein gong skrive på ein vegg i byd'n. Sitatet er gøymd under mange lag med spraymaling for lenge sidan, på same måte som det djupt menneskelege i oss ofte kan verte gøymd bak masker og fasadar hos nokon kvar. Altfor ofte strevar vi med å leve opp til umenneskelege krav og ideal, som stel motet og livsgleda frå oss.

Difor treff juleevangeliet med veldig kraft, om vi greier å ta inn berre litt av kva det er som eigentleg skjer. Den Høgste, skaparen av himmel, jord og alt liv kjem til oss – ikkje som ein mektig konge, høgt heva over oss som ein skulle tru. Han kjem i det stille og låge, som ein av oss. Ein sårbar Gud, avhengig av omsorg og hjelp for å kunne leve.

Juleevangeliet viser at det største, sterkaste og mest verdifulle er gøymt i det minste. Difor gjeld det å våge å vere menneske. Det gjeld å våge å ikkje vere perfekt heile tida, å våge å vise at ein er sårbar og treng omsorg frå andre menneske. Det er då det ekte fellesskapet får vekse fram og kjærleiken vert levande mellom oss.

### Ære være Gud i det laveste

Det skjedde i de dager  
om natten  
langt fra de store beslutningene og alt det viktige i verden  
ute på marken  
en himmelsk hærske av engler lyste opp den mørke natten  
og himmelkoret sang:  
Ære være Gud i det høyeste!

Så ble det mørkt  
så ble det stille  
så ble alt som før  
noen forskremte gjeterne hørte og så

Da de fortalte  
gjemte Maria ordene i sitt hjerte og grunnet på dem  
troen som kan flytte fjell  
håpet om det vi ikke ser  
kjærligheten som er sterkere enn døden  
alt dette kan et lite hjerte romme  
for det største er gjemt i det minste  
det høyeste i det lave  
det sterkeste i det sårbare

Ikke se opp  
se ned  
mot det lille  
det minste  
det lave  
Ære være Gud i det laveste



Jarl Bøhler

# Andakt



Halvor Nordhaug

Biskop i Bjørgvin

## Ei kroppsleg jul

Det vart ein underleg julaftan for eitt år sidan. Det var koronatid og grenser for det meste på alle kantar. Dersom vi ville samlast i kyrkja, kunne vi berre møtast veldig få. Nokon trassa vør og vind og heldt gudstenesta utandørs, men dei fleste heldt seg nok heime. Eg håpar vi ikkje får oppleve slike tilstandar ein gong til.

For viss det verkeleg er ei tid på året der vi må møtast fysisk og kroppsleg, ta kvarandre i handa, og gjerne òg gi kvarandre ein skikkeleg klem, så må det vel vera i jula. Jul handlar nemleg om kropp og om nærvær.

Vi feirar at Guds Son vart menneske og lagt i krubba. Jesus var eit heilt vanleg barn til fingerspissane – og samtidig noko så uvanleg som ein halv meter Gud, lagt på strå og utlevert til Marias og Josefs omsorg. Guds Son vart eit foster og eit spedbarn, hjelpelaus og hjelpetregande. Slik vi alle kom inn i verda, og var avhengige av å bli tekne imot på ein god måte.

Når jula handlar om noko så fysisk og så kroppsleg som dette, blir det ikkje heilt det same å feira denne hendinga framfor kvar vår skjerm. Det er mykje bra som blir formidla på nettet og på TV ved juletider, og for den som sjølv ikkje kan komma til kyrkja er skjermen mykje betre enn ikkje noko. Men når vi feirar at Guds Son kom til verda i ein liten gutekropp, er det ingen ting som kan erstatta den fysiske og kroppslege samlinga.

Gud søker oss som heile menneske, så lat oss møte han slik. Difor håpar eg at du som les dette tek på deg (regn)frakken eller kåpa, og tek turen til kyrkja denne jula. Kom gjerne på julaftan! Men sjølve dagen, Jesu fødselsdag, er faktisk 25. desember – og vi held fest den dagen òg.


Nokon av oss har det slik i jula at vi gjerne vil komma til kyrkja, men nøler fordi vi er usikre på om det er riktig. Trua kjennest for liten og tvilen for stor, eller det er andre

grunnar til at ein ikkje passar inn. Viss du er blant dei som tenker slik, seier eg: Det er ikkje trua vår vi feirar, men at Gud er komen til oss. Og om trua vår er svak, og det er den ofte, så er Guds nærvær likevel heilt og sterkt og utan noko atterhald.

Så når Gud vil møta oss alle i kyrkja, er det grunn god nok til å komma. Slik hyrdingane kom til stallen og tilbød, sjølv om dei nok ikkje heilt forstod kva dei var med på.

Men kan du ikkje komma til kyrkja, så vør trygg på at Gud uansett vil møta deg der du er og dela dagane dine med deg. For etter den første jula, då Guds Son vart menneske, er det ingen menneske og ikkje noko menneskeleg som er framand for Han.

Eg ønsker deg og alle dine ei glad og velsigna jull!



ØyNytt kom første gong ut i april 1974. ØyNytt vert fulldistribuert i Hjelme og Blomvåg sokn.

Det er også mange abonnentar utanfor soknet. Kontingent og annonsar er avgjerande for produksjon og distribusjon av ØyNytt.

### Neste ØyNytt kjem ut:

11. februar

Redaksjonen vert avslutta to veker før.



ØyNytt

– kyrkjeblad for Hjelme og Blomvåg sokn

**Utgevar:** Hjelme og Blomvåg sokneråd

**Ansvarleg redaktør:** Annlaug Børve

**Redaktør og grafisk produksjon:** Yngvild Mørner Sørheim

Miljømerket trykksak 2041 0699

**Trykk:** Bodoni AS

**Kontingent:** Kr 125 i Hjelme og Blomvåg sokn / Kr 175 utanfor Hjelme og Blomvåg sokn

**Takkeannonsar:** Kr 100

**Annonsar:** Kontakt redaksjonen: ys487@kyrkja.no

**Bankkontonummer:** 1503.84.37590 for kontingenter og gåver

**Opplag:** 2500 pr. nummer. 5 nummer i året.



DEN NORSKE KYRKJA

Øygarden kyrkjelege fellesråd

**Telefon:** 400 03 316

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Besøksadresse:** Øygarden kyrjekontor, Temahuset på Straume

**Postadresse:** Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

**Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:** [www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)

**Facebook:** HjelmeogBlomvagSokn

**Soknepresten i Hjelme og Blomvåg:**

Espen Sigve Tveten  
**E-post:** et838@kyrkja.no  
**Telefon:** 91 61 78 00

**Leiar i soknerådet:**

Erling Vik  
**E-post:** erl-vik@online.no

**Kyrkjevevja:** Annlaug Børve  
**E-post:** ab766@kyrkja.no  
**Telefon:** 473 04 530

**Org. nr. Øygarden kyrkjelege fellesråd:** 976 995 430

**Gåver kan du også gje ved bruk av appen Vipps**

# Er evangelisten Lukas og juleevangeliet truverdige?



Espen Sigve Tveten  
Sokneprest Hjelme og Blomvåg



Vi les det år etter år: «I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda». Juleevangeliet kjem som det andre kapittelet hos Lukas og er den mest kjende forteljinga frå Bibelen. Verdas mest spelte dramastykke er det nok òg.

Men er det sant, kan me feste lit til det Lukas fortel så levande? Det er heilt klart at me i verdshistoria ikkje finn menneske med større verknadshistorie enn Jesus. Til trass for aktiv teneste i berre tre år, er det Jesu fødsel som markerer eit før og eit etter i historia. Likevel har det moderne mennesket eit behov for å kvalitetssikre historia. Står evangelisten Lukas til truande?

## Mange kjelder

Dei fire evangelistane er hovudkjelda til Jesu liv. Markusevangeliet er eldst og skrivne på 60-talet. Johannesevangeliet er yngst og er frå 80- eller 90-talet. Evangelistane var augevitne til Jesus sitt liv. Dei skriv kort tid etter at hendinga faktisk skjedde. Det at ord og hendingar vart attgitt noko ulikt, er naturleg. Fire journalistar kan sjå det same, men ingen vil skrive heilt likt likevel.

Det er mange personar og hendingar i verdshistoria me festar lit til. Dei er likevel langt dårlegare vitna om enn Jesus. Ingen

tvilar på at Cæsars gallarkrig fann stad eller at Platon har levd. Men dei har få skrifter etter seg, og dei få me har, er skrivne ned med mykje større tidsskilnad enn for Jesus. Ser me på Gallarkrigen, er det 9-10 handskrift om den, skrivne ned 950 år etter at krigen raste. Om Jesus er det 5000 skrifter på gresk og 10000 på latin, skrivne kort tid etter hans død. Lukasevangeliet gjev slik sett ei påliteleg framstilling.

## Ikkje-kristne kjelder

I tillegg er det viktig å vite at andre enn dei bibelske forfattarane òg har skrivne om Jesus sitt liv. Til døme gjev fire romerske og jødiske forfattarar i perioden 94-121 e. Kr. mange opplysingar om Jesus. Ingen av desse forfattarane er kristne og dei ser på kristendommen som overtru. Likevel gjev dei det same bilete av Jesus som ein finn i Bibelen, slik som at han var kjend for sine undergjerningar, vart dømd til døden av Pontius Pilatus, at han vart tilbeden, hadde ein bror som het Jakob og at kristentrua vart til i Judea for så å spreia seg til heile Romarriket. Namna på desse fire er Josefus, Plinius den yngre, Tacitus og Svetnius. Desse skriv eigentleg om andre ting og nemnar dei kristne berre i forbifarta. Dei skriv ikkje at Jesus vart fødd av ei jomfru, at han vann over døden eller kan frelsa. Men slike opplysingar vil heller ikkje

ikkje-kristne forfattarar koma med. Så evangelia og andre kjelder er ikkje i konflikt historisk sett. Spesielt Lukas har tatt med mange detaljer som kan tidfeste hendingar i lys av andre kjelder, slik som Pilatus, Herodes, Tiberius med fleire. Arkeologiske funn kunne eg og tatt med her, men det er ikkje plass.

## Overtydd til døden

Det er ikkje mange seriøse forskarar som i dag hevdar at Jesus ikkje har levd. Dette gjev den kristne trua tyngde. Men forskning har si avgrensing. Om Jesus er Guds son, om han er verdas frelsar, om han sigra over døden, ja slike ting treng ei overtyding og ei tru. Likevel er det ein ting som for meg gjev særskild frimod i å tru at Jesus er den han sjølv seier. Då tenkjer eg på at 11 av 12 av Jesus sine disiplar vart drepne for trua si. Den siste, Johannes, sat i fengsel til han døydde. Dette er det andre kjelder enn Bibelen som fortel om. Kva hadde dei å tena på å finna på ei historie om Jesus og så gå i døden for han dersom det var ein løgn? Dei var så overtydde om at det dei hadde sett og høyrte var sant at dei held på det sjølv om det kosta dei livet. Det gjer meg òg overtydd om at det var sant.

I år som i fjor kan du høyra juleevangeliet etter Lukas. Du kan tru det du les.

# Andakt

## Del i manntalet

### Espen Sigve Tveten

Sokneprest Hjelme og Blomvåg

Ved valet i september fekk eg eit digitalt brev frå Valdirektoratet. Der stod mine personalia. Eg sperra augo opp då eg las at eg hadde eit nummer i manntalet. I Noreg er eg nummer 2 834 326. Eg hadde ikkje reflektert over at me brukte ordet «manntal» i Noreg.

Krets	Rode	Side	Linje
0005	-	-	-
Fødselsår	Kommunenr.	Nummer i manntallet	
1974	4626	0002834326	

## VALGdirektoratet

Eg tenkte på juleevangeliet der innskrivinga i manntalet var hovudgrunnen

til at Jesus vart fødd i ein stall. Det må ha vore lite lystig for Maria og Josef å stilla seg i ein manntalskø. Og eg tenkte at for min del talet var 2 834 326 ganske så upersonleg. Er eg berre eit tal i den store samanhengen? Samstundes var eg glad for at det akkurat er i Noreg eg har eit nummer.

Hendinga i jula er viktig, men det er ikkje nusseleg slik mange julekort kan vitna om. Men jula inneheld ein bodskap om at me er sett i den store vrimmelen av menneske, me er ikkje berre eit tal.

Jesus kom for at me skulle forstå meir av Gud. Vi skulle sjå Gud klårare. Ingen veit korleis Gud ser ut, men ein gong såg han ut som eit lite barn. I jula fekk Gud og kjærleiken eit andlet. Gud vart fødd som ein av oss for å kunne møte oss, slik me er og slik me lever liva våre.

Den aller første lyden frå Gud då han vart fødd på jord må ha vore skriket. Alle friske menneske skrik når dei vert fødd. Her deler

Jesus våre kår. Verdas skrik, og våre eigne skjulte skrik, vart møtt med Guds skrik og ynskje om nærvær og rettferd. Jesus er Guds handsrekking til ei verd som ropar etter rettferd. Like etter Jesu første skrik, kom ein annan lyd. Det var lyden av englar med bod om at verdas frelsar var fødd og «fred på jorda blant menneske Gud har glede i».

Dette er eit gledesbodskap til deg. Du er blant dei menneska Gud har glede i. Du er ikkje ubetydeleg. Jesus seier at «den som kjem til han, skal han så visst ikkje visa bort». Så gled deg over å ha eit nummer i manntalet i det norske kongeriket. Men gled deg òg over å vera innrullert i ei anna bok, livsens bok. «Gled dykk over at namna dykkar er innskrivne i himmelen» seier Jesus.

Jesus kom til oss - for å ta oss til seg. Du skal få vera del i manntalet hans.

Velsigna jul!

## Samlivsseminar 19. januar



Blomvåg barnehage  
kl. 19.00

Tema: Korleis bevare det gode parforholdet når stresset og maset i kvardagen innhentar oss?

Gjestar: Anine og Thomas Mildestvedt.

# Julefest

Velkomen til julefest  
i Hjelme kyrkje  
søndag 9. januar kl. 16.00!


Her blir det juletrégong, kor, andakt,  
bevertning, godteposar til barna,  
overraskande besøk og leik!

# Blomvåg kyrkje 90 år

Blomvåg kyrkje vart reist i 1931. Ho har vore til velsigning for menneske i glede og sorg. 5. desember vart jubileet markert med gudsteneste i kyrkja. Her har me samla nokre bilete frå arkivet.



Korøving med koret Immanuel. Dirigent Kjersti Wåge Kårbø



Frå bispevisitas i 1993 med Biskop Per Lønning, sokneprest Svein morland og prost Kåre Bakke



Møteveke i Blomvåg i 1980




Kyrkjelydsbussen som vart kjøpt til kyrkjelydsarbeidet



Lyskasteren og Algrøy barneor har konsert med Bjarte Leithaug i 2000



# Julekryssord



1. Kven blei fødd på julaftan for ein del år tilbake?
2. Kva pyntar mange i desember?
3. I kva slags hus blei Jesus fødd?
4. Kven song for hyrdane?
5. Vismennene hadde med seg gåver. Gull, myrra og ..?
6. Kva heitte kongen då Jesus blei fødd?
7. I kva slags seng låg Jesus?
8. I kva by blei Jesus fødd?
9. Kor var det ikkje plass til Josef og Maria?
10. Kva viste vegen til Betlehem?

## Ordmylder

L	M	J	U	L	F	R	G	E	Ø
K	A	K	E	Y	H	T	L	F	T
V	L	T	R	S	A	M	Ø	V	N
G	E	S	T	U	A	R	G	M	G
Å	N	E	D	K	E	N	G	E	L
E	R	T	N	A	R	G	N	P	E
J	E	R	K	N	G	L	A	O	D
H	J	A	R	T	E	S	S	I	N
S	T	V	A	N	G	Å	V	E	A
R	S	I	R	G	E	S	S	R	M

Kan du finne dei 14 orda som gøymer seg her?

Jul  
Lys  
Gløgg  
Hjarte  
Graut  
Stjerne  
Gris  
Kake  
Gåve  
Engel  
Sang  
Grantre  
Mandel  
Nisse

# Heidra krigshelten Jakob Strandheim

Mange hadde funne vegen til Fjordparken på Rong laurdag ettermiddag 25. september då siste gjenlevande frå Shetlandsgjengen, Jakob Strandheim, skulle heidrast og det skulle avdukast ei minneplate for Strandheim. –Du kan kvila deg i dag, Jakob, det er deg fullt ut fortent, sa nevøen Øyvind Strandheim i talen til krigshelten.

**Tekst: Vigeik Brekke / Ottar Vik**

**Foto: Leif Magne Vik**



Søskena til Jakob Strandheim var på plass på fremste stol under avduking. Frå venstre: Karen (98), Jakob (101), Grete (94), Borgny (96), Olav Martin (89), Truls Strandheim (son), ordførar Tom Georg Indrevik og Maria K. Strandheim (barnebarn). KNM "Hitra" låg ved kai i Fjordparken under seremonien.

Dei 300 som møtte opp på Rong fekk eit timelangt kulturprogram før sjølve avdukinga av minneplate med portrett av Jakob Strandheim, som er festa til ein stor gråstein som ligg i Fjordparken. Det

var barnebarnet til Jakob, Maria Kvingedal Strandheim, som stod for sjølve avdukinga.

Ordførar Tom Georg Indrevik sa at mange har kontakta han når det gjeld Shetlandsturane under krigen.

Ville vi ha gjort det same som de gjorde? Ville vi ha ofra alt? Eg trur at vi hadde det. Eg håpar at du og dine tek vare på denne dagen, sa ordføraren.





*Maria Kvingedal Strandheim fekk det ærefulle oppdrag å avduka plaketten av bestefaren.*



*Trygve Helleesen bidrog med å ramma inn dei mange musikkinnslaga under heidringa av krigsveteranen. Scenen i Fjordparken var pynta med haustens grøde, dekorert av Hildegunn Landro.*

Hovudtalar denne dagen var nevøen til Jakob, Øyvind Strandheim. Han tok oss tilbake til 80 år pluss 10 dagar sidan, den 5. oktober 1941.

Då løyste ein trossa, og skøyta Skjergard la frå Toftekaien med 11 karar ombord. 20

timar seinare var dei på Shetland. Dei reiste vidare til Lerwick, via Skottland til London. Mange av dei 11 vart etter kvart med som mannskap i den norske handelsflåten og reiste over Atlanterhavet og Stillehavet. Jakob, som hadde kystskippersertifikat,

vart knytt til Shetlandsgjengen, sa Øyvind Strandheim.

Med Shetlandsfarten fekk ein frakta agentar, flykningar og våpen. Mange av mannskapa kom aldri heim i den perioden det vart brukt skøyter. I 1943 tok ein i bruk dei langt raskare Shetlandsbussane Hitra, Vigra og Hessa. Desse utbåtjagarane gjekk mellom Noreg og Shetland fram til krigen tok slutt i 1945 utan at liv gjekk tapt.

Jakob Strandheim kryssa Nordsjøen 56 turar, der over 40 turar var med KNM "HITRA". KNM "Hitra" låg ved kai i Fjordparken under seremonien.

Øyvind Strandheim er stolt av onkelen sin som no er 101 og eit halvt år.

Då Hitra kom til Bergen i 1945, vart mannskapane tekne imot som heltar. Etterpå var det fest på bedehuset på Torsvik, eller Tøssvikja, som Øyvind Strandheim sa.

Orlogskaptein Lasse Hiis Bergh sa at Jakob Strandheim kom med i Linge-gjengen og vart så sendt til Shetlandsgjengen.

Du er den som har flest turar til Shetland med skøytene Aksel og Andholmen i tillegg til Hitra. For eit mot og for ein offervilje de hadde. Kampen vart krona med siger. Dette minner oss om at vi ikkje må ta fridomen for gitt, sa Hiis Bergen.

Sonen til Jakob Strandheim, Truls Strandheim, takka for alle som møtte opp, Øygarden kommune, Sjøforsvaret for arrangementet.

Under arrangementet var det eit rikt kulturprogram med mykje song og musikk. Dei som deltok med dette var Roy Vorland, Olaug Alvheim, Trygve Helleesen med band, Gospelteens, Tor Erik Rong og Kor i Øygarden. Sjøforsvaret deltok med KNM Hitra og mannskap.

**Jakob Strandheim døde 15.10.21 (101 år) tre veker etter dette arrangementet.**

**Han vart gravlagt fredag 29.10.21 frå den ærverdige Fana Kyrkje. Mange hadde møtt fram for å gje krigsveteranen den siste ære.**

# 3 på ungdomsskolen om jul

**Tekst og foto: Cecilie Borsholm Vik**



## **Leah Rong Andersen**

*Har du nokre juletradisjonar du hugsar ekstra godt fra då du var lita?*

Dagen vi får juleferie har vi alltid pleid å pynte juletreet. Då høyrer vi også på høg julemusikk, det er koseleg. Ein annan tradisjon er å gå i kyrkja på julafta. Eg hugsar spesielt godt at noko av det beste med jul heilt frå eg var lita var å vera samla med familien. Det meiner eg framleis!

*Er det noko julebakst du må ha i juletida?*

Eg må ha kakemenn og sandkakar, det er så godt!

*Har du ein favoritt blant dei kristne julesongane?*

Vi syng mange fine julesangar i Gospelteens kvart år. To av favorittane er "Tenn et lite lys" og "Jesus born on this day".

*Pinnekjøtt eller ribbe?*

Pinnekjøtt på julafta utan tvil. Lukta av pinnekjøtt i huset gjev meg mykje julestemning.



## **Andrea Asheim Giertsen**

*Har du nokre juletradisjonar du hugsar ekstra godt fra då du var lita?*

Vi pyntar alltid juletreet vesle julaftan. Og så har eg alltid pleid å sjå "Tre nøtter til Askepott" på julemorgonen. Det er tradisjonar eg framleis har.

*Er det noko julebakst du må ha i juletida?*

Eg er veldig glad i sånne sjakkruiter. Og sjølvsagt kakemenn då.

*Har du ein favoritt blant dei kristne julesongane?*

Det er veldig vanskeleg å velge kun ein song, men eg har alltid vært glad i "En stjerne skinner i natt" heilt frå barneskulen av.

*Pinnekjøtt eller ribbe?*

Det blir ikkje skikkeleg julekveld utan pinnekjøtt. Og så har vi har alltid lutefisk i romjula, sjølv om eg ikkje likar det spesielt godt.



## **Marion Totland Rong**

*Har du nokre juletradisjonar du hugsar ekstra godt fra då du var lita?*

Det eg hugsar spesielt godt frå eg var lita er samholdet i familien i juletida. Det å sjå på tv saman med familien i stova, og berre kose seg ilag. Det er ein tradisjon eg håpar aldri tek slutt.

*Er det noko julebakst du må ha i juletida?*

KAKEMENN! Det er mykje betre enn pepperkaker, spør du meg.

*Har du ein favoritt blant dei kristne julesongane?*

Eg likar alle, så eg klarar ikkje å velge ein favoritt.

*Pinnekjøtt eller ribbe?*

Pinnekjøtt er det beste på julafta, men eg kan gjerne ete ribbe ein annan dag i jula.

# Velkommen til borggården i Blomvåg kyrkje!

Har du lyst å gjera noko annleis og fint i adventstida? I desember står borggården i Blomvåg kyrkje open og me rår alle til å ta turen innom!

**Tekst og foto: Hogne Berland**



*Borggården er flott pynta til førjulstida*



*Erling Vik og Kåre Kristoffersen har akkurat fylt høy i krybba.*

Borggården er flott pynta med lys og juletre! Kyrkjegardsarbeidar Kåre Kristoffersen starta å pynte med lys her for mange år sidan og det ser ut til å verte litt fleire lys for kvart år! Nytt i år er at det er sett opp ei julekrybbe og ein «stjernehimnel» i det eine hjørnet. Soknerådsformann Erling Vik var innom ein formiddag for å hjelpa å rigge til. «Det er viktig å setje fokus på julebodskapen på ulike måtar», seier han. «Vi treng også å få det inn visuelt. Eg håpar folk kan kome her i førjulstida og få ei flott oppleving!»

## Tips til adventsaktivitet:



Over krybba i borggården i Blomvåg er det laga til slik at det går an å henge opp heime laga stjerner. Lag ei stjerne heime med ein tråd i og ta turen til Blomvåg og heng opp stjerna. Me håpar på ein full stjernehimnel når julafta kjem!

PS: Det kan vera lurt at stjerna tåler litt vêr og vind.

# K2 testar julesnacks

Tekst og foto: Cecilie Borsholm Vik



Panelet f.v.: Marion Totland Rong, Andrea Åsheim Giertsen, Leah Rong Andersen, Mathilde Solsvik, Selma Helgesen.

No som jula nærmar seg med stormskritt har vi i ØyNytt sett saman eit ekspertpanel som skal teste julesnacks for oss. Og kven andre enn ungdom frå K2 passa til nettopp dette oppdraget? Panelet bestod av 5 ungdommar som var både nøye og kritiske i sin dom, men som også gav veldig varierte svar. Dei testa 4 ulike julerelaterte matvarer, og kvart medlem i panelet gav eit terningkast mellom 1 og 6.

## Juleskum blåbær

Først ut i testen er ei nyheit i butikkyllene, nemleg 'Juleskum med smak av blåbær'. Dette snopet legg seg litt over middels i testen, der tre av fem gjev terningkast 4, medan dei to resterande gjev terningkast 3. Alle er einig om at det var for lite blåbærsmak.

«Den lyseblå fargen er fin og den er god på smak, men litt seig.»

## Kims Juleglede paprika

Kims juleglede er ein chips med paprikasmak som fekk litt delte tilbakemeldingar blant ungdomane i det kompetente panelet. Ein av dei gav

terningkast 6 utan noko å trekke på, og to gav ein femmer, med trekk for litt lite krydder. Til tross for at ein deltakar trilla ein svært kritisk toar på terningen, er det dette produktet som kjem best ut i årets test!

«Dei er veldig gode, og det kjem masse chips i ein pose.»

## Berthas Pepperkakecookies

Denne litt spesielle cookies-varianten får også variert vurdering, men legg seg på midten av skalaen med eit snitt på terningkast 3. Medan ein av ungdommane meiner at den var veldig god på smak, meiner ei anna at det blei for intens lukt og smak av pepperkake. Heile panelet er einig om at det er eit pluss med sjokoladearter i kjeksene, men synest at den er litt for hard.

«Men så er det jo det ein veldig fin boks.»

## Julebrus

Julebrus er ei nødvendighet for mange i jula, og siste matvare vi har testa er ein billegvariant av sukkerfri julebrus. Du lurar kanskje på kva merke dette er? Det lurar

vi også på. Det einaste vi veit er at det er 2 for 10 på Spar Rong. Brusene skapar igjen litt usemje i panelet. Fire av fem i panelet meiner at brusene fortener terningkast 2 eller 3. Den siste deltakaren triller overraskande nok ein seksar og meiner at brusene var veldig gode på smak. Det er også eit pluss at den er billig. Alle kan likevel einast om at den smakte litt såpe.

«Det går an å drikke den, men det er ikkje min favoritt.»

**K2** er eit opplegg konfirmantane tilknytt Blomvåg og Hjelme sokn får tilbud om etter endt konfirmanttid. Når dei går i 10. klasse kan dei delta på samlingar rundt ein gong i månaden. På samlingane er det måltid, bibelundervisning og til slutt ein leik eller aktivitet. I tillegg til samlingane får dei ungdomane som vil, prøva seg i praksis, mellom anna som leiar på leir, noko mange synest er spennande.

# Thailandløpet 2022



Takk til alle som var med å sponse årets konfirmantkull på Thailandløpet den 10. november. Til saman samla dei inn over 37 000 kroner som skal gå til prosjekta som kyrkja støttar i Thailand!

## Hogne har ordet

**Hogne Berland**

Kyrkjelydspedagog



Adventstid er førebuingstid. Presangar skal kjøpast, lys skal hengast opp, stova skal pyntast, pepperkaker skal bakast, kalendar skal lagast, juletre skal i hus og ikkje minst så skal det ryddast og vaskast. Mykje av dette er kjekke ting! Det eg likar minst er nok rydding, men eg satsar på at det skal sjå nokolunde greit ut når julafta kjem.

Før adventstida tok til i år tenkte eg litt på korleis eg kan førebu meg betre til å feire det vi faktisk feirar i jula. At Jesus kom til jorda som eit lite barn for å redde oss er verdt å feira. Kan dette få større plass i bevisstheten min og i livet mitt? Då kan det henda det må ryddast litt og det kan av og til koste litt. Kanskje noko eg skal slutte med eller noko eg skal begynne med?

For min del merkar eg at det kan handle om korleis eg brukar tida mi. Kan eg rydde litt meir plass i kvardagen? Eg veit at eg kan bruke mindre tid på tv-seriar og mobil for eksempel. Kanskje kan eg frigjere tid som eg heller kan bruke til å lese i Bibelen eller reflektere over det jula handlar om? Kanskje frigjer eg tid som eg kan bruke til å gjere noko for andre? Den utfordringa har eg lyst å ta denne adventstida. Kva med deg? Har du noko du kan rydde i denne adventstida? Det kan vera ei spennande utfordring!

## Dette skjer

### LEIRAR SKJERGARDSHEIMEN

28.-30. januar:	7. klasseleir
18.-20. februar:	5. klasseleir
18.-20. mars:	6. klasseleir
22.-24. april:	Ungdomsleir (8.-10. klasse)

### REFUEL

17. desember - Julebord  
14. januar  
28. januar  
11. februar  
25. februar  
11. mars  
25. mars  
8. april  
22. april  
6. mai  
20. mai  
27.-29. mai - Refuel Weekend  
10. juni

**Stad:** Rong senter

**Tid:** 19.30–22.30

### KRIK

17. desember - Julebord  
7. januar  
21. januar  
4. februar  
18. februar  
18. mars  
1. april  
29. april  
13. mai  
3. juni

**Stad:** Hjeltefjorden arena

**Tid:** 19.30–21.30

### INFORMASJON


Ta gjerne kontakt med oss om du har spørsmål om deltaking og innhald i opplegga.

E-post: [post.oygarden@kyrkja.no](mailto:post.oygarden@kyrkja.no)

### Frivillige

Me treng frivillige til t.d. leirane.

Ta kontakt om du vil delta frivillig.



## Har dere rom for en til i familien? Nå er det behov for flere fosterhjem i ditt nærområde.

Det er mange trygge, gode familier med stor evne til omsorg i Bergensområdet. Har dere plass til en ekstra rundt middagsbordet? Kan dere gjøre en forskjell i livet til et barn eller en ungdom?

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem.

Ta kontakt for mer informasjon om hva det vil si å være fosterhjem. Det er helt uforpliktende. Les mer på

[fosterhjem.no](http://fosterhjem.no)





- Snitter
- Varmmat
- Baguettar
- Koldtbord
- Koldttallerken

**Rong Catering a/s**  
Tlf. 9185 6258

Vi formidlar blomster til innland og utland



**INTERFLORA**  
**Blomsterbua**  
Rong senter  
Telefon : 56 38 92 65  
Postboks 107, 5331 Rong

**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravningsbyrå på Sotra.  
Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.  
Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden  
TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Skjenet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)



**Bergen & Omegn**  
BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden    Espen Polden    Heine Polden    Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
www.bergenogomegn.no

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



Din lokale elektriker!

**Vestgar Elektro**

Møllestykket 21  
5360 Kolltveit  
Tlf. 400 30 210  
post@vestgarelektro.no  
www.vestgarelektro.no



**Fag Revisjon as**

Revisjon & regnskap

Kontakt oss på tlf: 56 38 72 70,  
eller se mer informasjon på www.fagrevisjon.no  
Fag Revisjon AS, Bølgekraftvegen 1, 5337 RONG, firmapost@fagrevisjon.no

**Torsvik ELEKTRO**

Installasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alarmanlegg  
Antenne/parabolanlegg  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00  
Vakttelefon: 922 34 062  
www.torsteinsvik.no



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiavtale
- Gass

**YXENERGI**

**BLOM SERVICESENTER AS**  
5331 RONG - tlf. 56 38 72 80  
Godkjent bilverksted




**SPAR**

- ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

- Ferskvarespesialisten
- Velsmakende varmmat
- Fristende frukt og grønt
- Nydelige nystekte bakervarer

Måndag - fredag 7-22 laurdag 9-20

posten    toto    trumf    Bank i butikk    SPAR Rong tlf. 56 38 71 40



**Godfoten**  
FOTTERAPI

Velkommen til oss på Rong senter  
Timebestilling på mob nr 94023865  
Eller på www.godfoten-as.no

Vi har gavekort!






Kjøp kjapt,  
trygt  
og billig

**KIWI** mini  
pris

Ved Rong senter  
Tlf. 56 38 71 20  
Mandag – lørdag  
kl. 07.00–23.00



**NORGESHUS NORGESHUS**  
TH Bhas Bygg Øygarden  
Boligutvikling as

Telefon: 56382804 - Pålsneset 2, 5337 Rong  
e-post: [ta@norgeshus.no](mailto:ta@norgeshus.no)  
[www.norgeshus.no](http://www.norgeshus.no)

**Montér**

Øygarden Byggsenter AS

Pålsneset 2, 5337 Rong - Telefon: 56382820 - Epost: [post@oybygg.no](mailto:post@oybygg.no)  
Åpningstider: mand-torsd 07.00-17.00, fred 07.00-18.00,  
lørd 09.00-14.00



Åsane Begravelsesbyrå AS  
v/Johannes Blom  
Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES  
Døgnvakt tlf.: 5518 9000



SOLSTRANDS  
BEGRAVELSESBYRÅ

Vårt avdelingskontor på Sotra  
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume  
Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet  
[www.solstrands.no](http://www.solstrands.no)  
Vår erfaring - din trygghet

VIRKE  
GRAVFERD

Ønsker du sol hjem?  
Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet. Du ringer - vi bringer!  
Vi forhandler også solariumskrem og -briller

**B-P-S Solutleige**  
v/Arvid Rong 5337 Rong  
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22

Mobil: 918 56 258

**Øygarden**  
elektriske as

Tlf.: 56 38 24 40  
Fax: 56 38 24 41  
Mobil: 928 41 790

E-mail:  
[post@oygarden-elektriske.no](mailto:post@oygarden-elektriske.no)

**Vest Modul AS**  
5336 Tjeldstø

- Tilbygg
  - Nybygg
  - Rehabilitering
  - Montering og utleige av brakker
- Normann 958 19 905  
Ingvard 958 10 967  
Trelastlager Tjeldstø



Vidar Vik Torsvik  
murmester

**TORSVIK MUR**  
Alt i mur, puss og flisearbeid  
Rehabilitering/fornyning av  
gamle skorsteiner/piper

Dalekletten 44 5337 Rong Telefon: 91 16 83 75 E-post: [vidart1962@gmail.com](mailto:vidart1962@gmail.com)



# Diakonen sitt hjørne

**Ellen Ebbesvik**  
Diakonimedarbeidar



## Bibeltimar

### Nautnes bedehus våren 2022

Torsdag 27. januar kl 19.00 ved Vegard Hetlebakke

Torsdag 24. februar kl 19.00 ved Arnfinn Norheim

Torsdag 31. mars kl 19.00 ved Asle Hetlebakke

Torsdag 28. april kl 19.00 ved Karl Johan Halleråker

Torsdag 19. mai kl 19.00 ved Odd Sverre Hove

### Våren 2022

Vi har så vidt begynt med **Song og salmekveld** i Hjelme kyrkje. Dette ønsker vi skal vere ein kveld i månaden. Sett gjerne av desse kveldane og bli med i allsongen.

Kveldane startar kl. 19.00 med to sangøakter og ei lita pause midtveis, der vi kan prate saman over ein enkel kopp kaffe eller te.

- 18. januar
- 8. februar
- 8. mars
- 19. april

**Formiddagstreffa** i Hjelme kyrkje vil etter nyttår starte kl. 12. Då kan ein følge bussen nordover dersom ein ønsker det.

- 2. februar
- 3. mars
- 7. april
- 5. mai
- 2. juni

For deg som likar å planleggje i god tid, nemner vi at vi skal arrangere tur til sjelesorgsenteret på Modum bad, 15.-19. august 2022.



Om lag 80 personer møtte opp i Blomvåg Kyrkje for å lytta til songen frå Mikael Jarlestrand. Foto: Geir Jensen

## TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde. Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
MELDING

**SOS**  
CHAT

 **KIRKENS  
SOS**

## Til lukke!

### 70 år

17. des Kjellaug Fjeldstad, Raudhammaren 17  
19. des Nina Rasch-Oen, Dønna 5  
19. des Knut Skålevik, Harkestadvegen 65  
30. des Kjellbjørn Alvheim, Madelestova 18

### 75 år

19. des Jorunn Liv Sjø, Blomenutåsen 4  
30. des Gerd Karin Pauline Erdal, Tjeldstøvegen 54  
31. des Unn Husebø Lyngbø, Jensvardbrekka 9  
31. des Trygve Svein Fjeldstad, Grønhaugvegen 89

### 80 år

18. des Ivar Schjetne, Knappevegen 32  
23. des Steinar Johan Stenhjem, Pålsmaset 21

### 90 år

26. des Magny Beate Turøy, Rongøyvegen 135

## Til lukke 2022

Frå 2022 går kolonnen "til lukke" ut av bladet. Dette er det siste nummeret ØyNytt publiserer "til lukke".

## Gudstenester

Endringar kan komme grunna covid-19, det kan bli påmelding på gudstenestene. **Følg med i Vestnytt og på nettsidene våre: [www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)**

### 12. des. kl. 17.00 i Hjelme kyrkje

Vi syng jula inn. Song av barnekoret på Tjeldstø. Belinda Hellesund er med på kornett. Mykje allsong. Andakt ved Knut Kaldestad.

### 19. des. kl. 17.00 i Blomvåg kyrkje

Vi syng jula inn. Song av barnekoret Lyskastaren og barnekoret på Tjeldstø. Soloinnslag. Dorthea Sekkingstad er med på kornett. Mykje allsong. Andakt ved Espen Tveten.

### 24. des. kl. 11.00 på Tednebakkane

Julaftangudsteneste ved Espen Tveten.

### 24. des. kl. 14.30 i Blomvåg

Julaftangudsteneste ved Knut Kaldestad. Offer til Misjonsprosjektet i Thailand.

### 24. des. kl. 16.00 i Blomvåg

Julaftangudsteneste ved Knut Kaldestad. Song av Gospel teens. Offer til Misjonsprosjektet i Thailand.

### 24. des. kl. 16.00 i Hjelme

Juaftangudsteneste ved Espen Tveten. Belinda Hellesund er med på kornett. Offer til Misjonsprosjektet i Thailand.

### 25. des. kl. 12.00 i Blomvåg kyrkje

Høgtidsgudsteneste ved Espen Tveten. Offer til Kirkens SOS, Bjørgvin. Nattverd.

### 26. des. kl. 12.00 i Hjelme kyrkje

Høgtidsgudsteneste ved Knut Kaldestad. Offer til Kirkens SOS, Bjørgvin. Nattverd.

### 1. januar kl. 12.00 i Hjelme kyrkje

Høgtidsgudsteneste ved Espen Tveten. Nattverd.

### 9. januar kl. 16.00 i Hjelme kyrkje

Julefest for heile familien. Juleetregong, andakt, mat, song av barnekoret på Tjeldstø og Småbarnssongen.

### 16. januar kl. 11.00 i Blomvåg kyrkje

Gudsteneste ved Espen Tveten. Nattverd

### 23. januar kl. 11.00 i Hjelme kyrkje

Gudsteneste ved Knut Kaldestad. Nattverd.

### 30. januar kl. 11.00 i Blomvåg kyrkje

Sprell levande gudsteneste ved Espen Tveten. Lyskastaren barnekor deltek.

### 6. februar kl. 11.00 i Hjelme kyrkje

Sprell levande gudsteneste ved Espen Tveten.

### 13. februar kl. 11.00 i Blomvåg kyrkje

Gudsteneste ved Espen Tveten. Tale ved Norea Mediemisjon. Nattverd.

### 20. februar kl. 11.00 i Hjelme kyrkje

Gudsteneste ved Knut Kaldestad. Nattverd.

## Døde

### Hjelme

- Inga Reidun Hatten, Sturevegen f. 1937
- Vincent Carin Lunde, Bergen f. 2004

## Døypete

### Blomvåg

- Noah Juvik, Rong
- Brianna Heggøy Fuglevand, Blomvåg
- Maria Sunde, Blomvåg
- Rasmus Dragoshi Toft, Torsvik
- Matilde Selstø Monsen, Rong



## Ikke alle barn gleder seg til jul

Gi støtte, trygghet og håp til familier som har det tøft.

Send SMS BK JUL til 2210 (200 kr) eller VIPPS valgfritt beløp til 13130



## Vigde

### Blomvåg

- Thea Melkevik og Andreas Flåten

### Hjelme

- Henriette Sandøy Kjenes og Adrian Kjenes (velsigning. Vigd i 2020)


Du kan også lese om kyrkja si verksemd på:

[kyrkja.no/oygarden](http://kyrkja.no/oygarden)

**Distribusjon i Hjelme og Blomvåk sokn:**  
Hammer transport, tlf. 92063006

**Distribusjon utanfor Hjelme og Blomvåk sokn:**  
Posten Norge

**Returadresse:**  
Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume



## Dåp

### Eit teikn på Guds kjærleik

Vi inviterer til dåp! Gjennom dåpen blir vi ein del av kyrkja, eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda. Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

**Påmeldinga er no digital og kan gjerast på nettsidane våre!**

**For påmelding og informasjon om dåp gå inn på [kyrkja.no/oygarden/dap](http://kyrkja.no/oygarden/dap)**



### Nye adventsstakar i Blomvåg og Hjelme

Blomvåg og Hjelme kyrkje har fått fine, nye adventsstakar. Johannes Alvær Hammer fekk æra av å innvie den nye adventsstaken i Hjelme kyrkje 1. søndag i advent.